



DEN NORSKE KYRKJA

Ulstein sokneråd - Ulstein kyrkjelege fellesråd

Innkalling til møte i Ulstein sokneråd - Ulstein kyrkjelege fellesråd

Tid: 23.08.2023 kl. 19:00
Stad: Ulstein kyrkjekontor, Møtesal

Desse er kalla inn:

Odd Arne Vikebak	Leiar
Annelise Kleven Godø	Nesteleiar
Cecilie Frantsen Skeide	Medlem
Karianne Sveen Orvik	Medlem
Bodil Muren Voldsun	Medlem
Karete Malen Nesset Melø	Medlem
Lidbjørn Vattøy	Medlem
Hannelore Måseide	Medlem
Margit Lovise Holte	geistleg representant
Knut Erik Engh	kommunal representant
André Sæter	1. vara
Christfried Kaul	sekretær

Forfall må meldast snarast.

Varamedlemar får særskild innkalling når dei blir kalla inn til møte

Sakliste:

Saksnr	§	Sakstittel	Sakshandsamar
F-2023/27		Fornya avtale mellom Ulstein kommune og Ulstein sokn 2024 - 2027	003.0
F-2023/28		2. gongs offentleg ettersyn - Interkommunal kystsoneplan for ytre søre	030.0
S-2023/29		Søknad om å drive næringsverksemd på Ulstein kyrkjegard	555.0
S-2023/30		Signaturrett på vegne av styret	002.3
S-2023/31		Fjerning av krav om betaling for preludering i gravferd	154.0
S-2023/32		Oppnevning av nye medlemar i utval for kyrkjemusikk og kultur	350.0
S-2023/33		Opa kyrkje i kvardagen	367.0

Meldingar:**F015 Organisering av valting**Valhandboka:

https://ressursbanken.kirken.no/globalassets/ressursbanken/kirkevalg/valghåndboken/valghandbo_k%201_2023.pdf

Førehandsstemminga for kyrkjevalet er i gang. 11. september skal det vere valting med val av sokneråd og bispedømeråd. Soknerådet er valstyret og arbeidsgruppa har jobba med dei praktiske førebuingane. Det er fire røystelokale: Haddal skule, Hasund skule, Ulstein skule og Ulstein Arena. Vi er nesten i mål med å finne kandidatar til røystestyret.

Arbeidsgruppa orienterer og fordeler evt. gjenståande oppgåver

S016 Klokkeneste i Ulstein sokn

Inge Kaldhol kjem til å pensjonere seg etter jula 2023. Han har vore klokkar i Ulstein kyrkje heilt sidan 1.1.1983. Klokkar er ei heilt sentralt stilling i gudstenesteliv i Ulstein kyrkje og det er viktig å drøfte klokkeneste i framtida før ein lyser ut stillinga på nyt.

S017 Ungdomsarbeidar i Ulstein sokn

Ruben Voldsund har fått seg ein ny jobb og sagt opp jobben som krinssekretær i KFUK-KFUM. Soknet har kjøpt teneste med KFUK-KFUM og hatt Ruben i stilling som ungdomsarbeidar i 20%. Ruben har framleis lyst å vere engasjert i Ulstein Ten Sing, men ikkje lenger som tilsett. Han er ei uvurderleg ressurs for Ten Sing arbeid i Ulstein sokn. Soknet treng å finne ut saman med syret i Ten Sing, vaksenkontakt og Ulstein KFUK-KFUM korleis vi vil støtte TenSing arbeidet vidare.

S018 Møre bispedøme 40år - opa kyrkje

Til 40års- jubileum av Møre bispedøme har biskopen lansert ideen om opne kyrkjer helga 16.-17. september i heile Møre bispedøme. Ulstein sokneråd har drøfta idear på sitt siste møte og satt ned ein komité. Kv har utvikla seg vidare?

S019 Godkjenning av endringar i dåpsliturgienvedlegg:*Søknad frå soknepresten**Svar på søknad (08.03.)**Svar på søknad (11.08.)*

I samråd med gudstenesteutval har soknepresten søkt om å få godkjent ei endra formulering i dåpsliturgien.

S020 Høring ny trossamfunnslovvedlegg:*høringsbrev*

Det har kome høyingsbrev om endringar i ny trossamfunnslov. Frist 15. oktober.

Ulsteinvik, den 18.08.2023

Odd Arne Vikebakk	Christfried Kaul
Leiar	Sekretær



Adresseinformasjon fylles inn ved
ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 08.03.2023

Vår ref: 17/05880-5

Dykkar ref:

Svar på søknad fra Ulstein sokn om endring av dåpsliturgi

Viser til søknad fra soknepresten i Ulstein om å endre ordlyd i lokal gudstenesteordning under ledd 13 Dåpshandlinga, i ordning for dåp i Den norske kyrkja.

Generelt kan vi seie at dåpsliturgien er fastsett av kyrkjemøtet og endring av ordlyd i denne er utanfor mandatet til den einskilde biskop. (Sjå vedlagte reglar for saksbehandling i liturgisaker) Det er likevel slik at Kyrkjemøtet i august 2023 skal handsame nye reglar for saksbehandling i liturgisakar. I saksframlegget (vedlagt §1) står det at biskopen «har myndighet til å godkjenne avvik fra de gjeldende liturgiske ordningene» Om det nye regleverket blir vedtatt, får vi mykje enklare handsaming av soknepresten sin søknad.

Uansett om biskopen kan godkjenne søknaden etter nyordninga, er likevel problemstillinga søknaden fremjer, så sterkt og interessant at det er grunn til å fremje den, ikkje berre som liturgiendring for ein einskild kyrkjelyd, men som ei endring av gjeldande nynorsk dåpsliturgi. Difor er det interessant at soknepresten på vegne av Ulstein sokn, utviklar ein litt meir presis søknad og sender den til Møre biskop. Så er det opp til Møre biskop om søknaden i tillegg til å bli handsama av biskopen etter Kyrkjemøtet sine nye reglar, også blir lagt fram for bispemøtet til vurdering og eventuelt vidare handsaming der.

Drøfting

Som ei førebels handsaming, løftar vi fram nokre moment for vidare refleksjon. Under blir den innkomne søknaden drøfta, og på bakgrunn av denne drøftinga ber vi om at Ulstein sokn fremjar ein revidert søknad.

- 1) Setninga som ein ønskjer å endre, er henta frå «vanleg ordning liturgimal rev mars 23», der det står «inn i vår kyrkje» medan e-posten som er bakgrunn for ny vurdering, brukar formuleringa «inn i di kyrkje».

Bruk av pronomen varierer i dei ulike variantane. Det er sant at kyrkja er vår og inkluderer alle døpte. Men det er også sant at kyrkja er tufta og grunnfest på Jesus Kristus. Sjølv om det er eit godt sjelesørgersk poeng å inkludere alle døpte i kyrkja, er hovudpoenget i gjeldande liturgi at dåpen fører oss inn i Jesu Kristi kyrkje. Ingen av formuleringane over er etter ordlyden i gjeldande ordning for dåp, slik denne blei vedteken av kyrkjemøtet 2017. Den nynorske ordlyden har denne forma

«inn i sin truande kyrkjelyd» Det er viktig at søknaden er presis og tar utgangspunkt i gjeldande liturgi.

- 2) Soknepresten viser til pågående samtale med Øystein Bjørdal som bakgrunn for søknad og grunngir søknaden med at den nynorske omsetjinga fører til språkleg forvirring, der ordet «troende» blir omsett til «truande» og kan fort og truleg ofta bli forstått bokstaveleg som ei form av verbet å true/truge. I ei slik forståing blir ordet heilt feitolka, og gir eit heilt anna meinings tiltsikta.

Det kan vidare sjå ut som at soknepresten argumenterer med at ordet «truande» er heilt overflødig når det står til ordet kyrkje eller kyrkjelyd. I si eigentlege tyding kan jo ikkje omgrepene kyrkje vere anna enn «troende», og såleis er ordet ikkje naudsynt å ha med.

- 3) I tillegg ønskjer soknepresten å endre «kyrkjelyd» til «kyrkje». Ordet kyrkje er eit vanskeleg og utfordrande liturgisk omgrep, sidan tydinga på norsk varierar. I samanhengen ordet «kyrkjelyd» står, viser ordet til den lokale kyrkja/kyrkjelyden, til den synlege norske kyrkja og til den verdsvide usynlege kyrkja (av dei truande). Ved å endre omgrepene «kyrkjelyd» til «kyrkje» så svekkar ein forankringa til lokalkyrkja og til den lokale kyrkjelyden. Ein ordlyd som svekkar forankringa til kyrkjelyden og lokalkyrkja er uheldig.

På den andre sida kan ein seie at ordet «kyrkjelyd» ikkje kommuniserar så godt, sidan den bokstavelege meinings av «lyd» også blir forstått som lyden frå kyrkja (klokkinging?) og er noko heilt anna enn den tilskikta meinings av «kyrkjelyd». I arbeidet med bibelomsetjing har jo ordet «forsamling» vore lansert som erstatning for «kyrkjelyd». På våre kantar har likevel ordet «forsamling» ein valør som avgrensar ordet til å gjelde forsamlinga på bedehuset, så det er ikkje sikkert at dette ordet kan/bør erstatte kyrkjelyd likevel.

Kanskje ei løysing?

Soknepresten sine argument er gode og forståelege. Prosten har sett søknaden og merkar seg poenget og grunngivinga.

Drøftinga viser at biskopen støttar synet på at den nynorske omsetjinga skapar forvirring og gir uttrykk for noko anna enn bokmål-versjonen. Etter biskopen sitt syn er formulering som t.d. «inn i si kyrkje» ei betre omsetjing enn nynorskversjonen av gjeldande liturgi. Ein omskriving som i innhald kanskje er endå betre, er «inn i Jesu Kristi (si) kyrkje i Ulstein». Det heldige med denne formuleringa er at uttrykket er klart med omsyn til at det er trua på Kristus som skapar kyrkja slik at det ikkje er tvil om kven si kyrkje det er snakk om, I tillegg er det også tydelegare at det ikkje berre er kyrkjhuset som har fokus, men den døypte blir først og fremst innlemma i flokken av alle døypte i den lokale kyrkjelyden.

Det uheldige med å knyte ordet kyrkje til Ulstein kyrkje, er at dei andre dimensjonane i ordet blir svekka. Kva vil t.d. ein ungdom, døypt i Ulstein kyrkje tenkje om eigen dåp, om ein som ung/vaksen flyttar til annan stad og anna kyrkje?

Som soknepresten ser, så er det ein del utfordringar knytt til endring av ordbruk i dåpsliturgien. Biskopen ber om noko vidare refleksjon, med sikte på å få til ei så god løysing på dei liturgiske utfordringane som råd er. Fint om de kan reformulere søknaden litt og fremje den slik den kan handsamast etter dei nye reglane som kyrkjemøtet er utfordra til å vedta.

Med helsing

Ingeborg Midttømme
biskop

Arvid Helle
leiar kyrkjefagavd.

Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Prosten i Søre Sunnmøre
Soknepresten i Ulstein

Rådhusgata 6a 6100 Volda

Sak: 17/05880 – 5

Ønsker om språkleg endring i gjeldnde dåpsliturgi.

Takk for motteke svar på søknad angåande å omformulere tilseiinga etter vassdåpen i dåpsliturgien. De etterlyser meir refleksjon som grunngjeving, og her er eit bidrag.

Underteikna har sjølv vore med å lage liturgien som medlem både i Nemnd for gudstensteliv og i Underutval for dåp, og kan for så vidt legge ved mange lenker og artiklar som opnar for det eine og andre synsstaden dersom det er ønskeleg.

Dåpsliturgien må sjåast i sin heilskap der det som vert sagt og gjort tilsaman fortel om korleis Gud handlar i dåpen, kva gav vi er gjevne og korleis vi forstår dette nett som ei gav. Å språksette mysteriet om Guds nåde er ein krevjande øving. Vårt ønske handler ikkje om å innhaldsmessig endre noko i teologien kring dåpen slik kanskje bispedømmekontoret sine sakshandsamarar noko mistydande indikerer, men gjeld dette eine å luke bort forståinga av at ein kyrkjelyd er truande i ordets bokstavelege betydning. Dette er ei omsettingmessig utfordring frå bokmål til nynorsk; der troende blir til truande, slik at dette kun fungerer skriftleg i boka og ikkje når vi seier det. Det i seg sjølv er eit argument. Liturgi skal seiast og gjerast som «Folkets verk» og inviterer inn til dei heilage tinga for Guds heilage folk (Gordon Lathrop).

Punktet vi ønsker ei endring på er tilseiinga, eller etter gamalt av åndsmed-delinga eller den andre delen av firminga, der det etter vassdåpen i den treeinige Guds namn vert stadfesta kva Gud har gjort med mennesket sjølve dåpshandlinga.

Den består av tre element som Gud er handlande subjekt for:

- Gjeve deg sin heilage Ande
- Gjort deg til sitt barn
- Tatt deg inn i sin truande kyrkjelyd

Så er den etterfulgt av ei bøn: Gud styrke deg med sin nåde til det evige liv - og eit fredssønske: «Fred være med deg»

Den treledda oppsummeringa seier noko om frelsesgåva: Å bli gjeve den heilage Ande slik at ein etter luthersk teologisk forståing i det heile tatt kan tru, bli gjort til Gud barn (adopsjonstankegangen og innpodingsmetaforen som er tydelegare i 1920 liturgien og som også vert bruk i alt frå salving av kongar, profetar og dommarar i GT til Jesu eigen dåp og gudsfolk-ekklesiologien til Paulus). Så kjem den påfølgande stadfestinga av å ha blitt tatt inn i Guds rike/ Guds familie som ikkje er ein saksvande storleik som kan avgreisast til verken eit bygg eller eit kroppsleg felleskap. Dette kroppslege felleskapet er ein fysisk lokal storleik som i vår kulturkontekst ofte er menneske som held til i bygg og i nasjonale kyrkjeordningnar, men tilseiinga er å forstå større enn dette. Og desse er gjensidig avhengig av kvarandre: Kyrkje er å forstå teologisk både som folk og bygg, men også som Guds ecclesia- samlinga av dei heilage i himmel og på jord.

Både våre dåpsliturgiar frå 1920, 1978 og den siste liturgien har truande kyrkjelyd, så der er gode argument for å behalde dette i tradisjonen. Likevel fungere dette därleg i det nynorske språket, og særleg i ein pietistisk kulturkontekst der det av ulike grunnar har vore slikt at kyrkjelyder har representert noko truande i form av å avvise menneske liv. I ein realitet der færre og færre døyper, er det viktig korleis vi kommuniserer, også ved døypefonten. Det er lite taktfullt å kalle den smilande, rørte og deltagande kyrkelyden for truande.

Å bytte «tatt deg inn i sin truande kyrkjelyd» med – «tatt deg inni si kyrkje» meiner underteikna er teologisk mogleg og forsvarleg. Lokalkyrkjelyden er nevnt både under punktet fadderoppgåve like forut for vassdåpen, og i påfølgande setningar seinare i presentasjonen av barnet. Kyrkje i vår tilseiing etter vassdåpen er ikkje her å forstå utelukkande kongresjonalistisk, men forstått innanfor konteksten Guds kyrkje/ rike der Kristus gav dåpsbefalinga forankra i føregåande tekstlesingar og bøner. Kyrkje her forståast som ecclesia – forankra i Gud sjølv som forankrar barnest tilhørigheit til seg, opnar Guds rike som samlinga av dei helga, og sender henne til den store verdsvide kyrkja og den lokale kyrkja på same tid. Dei aller fleste av våre døpte er jo ikkje heller aktive i ein lokal kyrkjeyd, ein høyrer like fullt med som fullverdige medlemmar. Mange vil heller ikkje kalle seg truande, men lener seg til det Gud gjer i dåpen og den stadfortredande trua som bærast av eit lokalt felleskap og ei verdsvid, mangfaldig kristen kyrkje. Guds gāve er fri og nådefull, utan atterhald om eit aktivt liv i ein kyrkjelyd, sjølv om det også er veldig bra for menneske sine sjeler.

Å få Guds Ånd, verte Gud barn og tilhøyre ei kyrkje er både større en gjeldande geografi, kyrkjeordningar eller bygg. Konteksten for orda må sjåast i slik samanheng, - her er det presten som på Guds vegne stadfester Gud gāve i Ånd, frelse og felleskap. Når orda lyder i eit bygg av ein prest i kontekst av ei kristne gudsteneste, er det ikkje tvil om at denne tilhørigheita både er til den lokale kyrkja, og til Gud kyrkje verda over. Dåpens gāve har same gyldigheit, og bærast som frelsesteikn av mange kyrkjer og kyrkjesamfunn, men som tilseiinga seier; forankras i vår tradisjon mest av alt som Gud gāve. Det er imidlertid risikofyllt argumentasjon å forankre den for mykje til lokalkyrkjelyden då vår kyrkje anerkjenner ein

dåp i den treeininge Guds namn - gjort ein gong, medan gjendøyparar har grunngjevingar i retning åndsdøypt, eigen overtyding og val av medlem i ei kyrkje.

Ordlydens endring vil sjølvsagt svekke den lokale karakteren akkurat her, men den er forankra like før og like etter i liturgien som tidlegare nevnt. Også er kyrkjelyd er eit ord vi brukar lite i det daglege ilag med sokn. Kirkeordning og Guds gave er forankra i sending og lokalt trusfellesskap og nærvær, og i den konteksten lydast orda der truas liv kan få vekse og levast som det heiter i ei anna formulering. Å bruke kyrkje – vil vere eit opnare språk, og forsterke dåpens gave. Med gode dåpssamtalar og innarbeidde trosopplæringsprogram vil invitasjonen til lokal forankring og medvandring for å opne denne gave og bli kjent med den, stå ilag med Gud som suveren gjevar av dåpens nåde.

Går vi til Confessio Augustana er kyrkja i art VII forankra til samlinga av dei heilage og prinsippet om ei tru, en dåp, ein Herre, og at i art VIII er sakamenta sin verksamheit er forankra i Gud sjølv. Dåpens nødvendigheit til frelse er knytt til Gud som handlar i dåpen, og barnet som blir overgitt til Gud CA IX (vår aktive handling). Der står ingenting om den lokale kyrkja som kvalifikasjon for desse gåvene, men åstaden for at desse vert gåvene vert forvalta rett. CA skjer jo i si kulturkontekst, og den må vi har varleik for, men saman med trusvedkjenningane som forankrar dei dåpen, trua og felleskapene til å tilhøyre kyrkje/ ecclesia, som er det noko større enn lokal forankring.

Det er eit slagord i kyrkja no at kyrkje skjer lokalt, det er jo vel og bra, men dåpen som frelsehandling har ein større horisont enn lokale bygg og forankring, den karakter er forankra til ei kyrkjeforståing som både omfattar ein lokalkyrkjelyd, eit nasjonalt trussamfunn og Guds ævelege rike. Gåva opnar livet for fellesskap med Gud og menneske. Slik det språkleg sett kommunisere – så stiller ein truande kyrkjelyd seg mellom som ei forståing i den språklege kommunikasjonen.

Vi har i Ulstein prøvd oss med å endre dette språket i vår, og det har fungert veldig bra. Det er lett og kort å seie, og ivaretak Gud som aktiv gjevar av ubetinga nåde, frelse og kjærleik.

Vi opprettheld søknaden om å få fortsett med dette som ei prøveordning der vi kan gjere oss nokre erfaringar ved å endre formuleringa «truande kyrkjelyd» til ; tatt deg inn i si kyrkje (Gud si). Endring av dåpsliturgien skjer i vår kyrkje kvart 30. -40. år, så vi har ikkje tatt mål av oss å endre dette, men ønsker ei lokal tilpassing av nynorsk somsettings- saklege grunnar som knytt til grunngjeving gjeve i dette dokumentet også er teologisk forsvarleg.

29. juni 2023

Margit Lovise Holte

Sokneprest i Ulstein



Soknepresten i Ulstein

Dato: 11.08.2023

Vår ref: 17/05880-9

Dykkar ref:

Svar på søknad om endring i dåpsliturgi

Til soknepresten i Ulstein sokn.

Takk for inspirerande og grundig refleksjon omkring den nynorske versjonen av dåpsliturgien og korleis denne kjem til uttrykk i kyrkjelyden.

Biskopen har tidlegare uttrykt forståing for ønskje om å endre formuleringa «teke deg inn i sin truande kyrkjelyd». Argumenta for ei slik endring er lette å forstå.

Kyrkjemøtet som no nett er ferdig har i sak KM 06/23 gjort endringar i «Regler for saksbehandling i liturgisaker» Eit ønska resultat av endringane er forenklingar i sakshandsaminga. I vår samanheng opnar ny §1 i reglane for at «biskopen har myndighet til å godkjenne avvik frå de gjeldende liturgiske ordningene»

Vedtaket betyr at endringa som Ulstein sokn søker om ligg innanfor den myndighet som etter kyrkjemøtet er lagt til biskopen.

Med heimel i «Regler for saksbehandling i liturgisaker», §1 godkjenner Møre biskop at Ulstein sokn endrar formuleringa i dåpsliturgien, ledd 6 «teke deg inn i sin truande kyrkjelyd» til formuleringa «tatt deg inn i si kyrkje»

Med helsing

Ingeborg Midttømme
biskop

Arvid Helle
leiari kyrkjefagavd

Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Postadresse:
Moldetrappa 1
6415 MOLDE

E-post: more.bdr@kirken.no
Web:
Org.nr.:818 066 872

Telefon: +47 71250670
Telefaks:
Sakshandsamar
Arvid Helle
+47 71250670

Vedlegg

,

Mottakarar:
Prosten i Søre Sunnmøre
Soknepresten i Ulstein

Rådhusgata 6a 6100 Volda

Ifølge liste

Deres ref

Vår ref

Dato

23/2465-

6. juli 2023

Høring - endringer i trossamfunnsloven

Barne- og familidepartementet sender med dette på høring forslag til endringer i trossamfunnsloven.

Om forslagene i høringsnotatet

I høringsnotatet foreslår Barne- og familidepartementet endringer i trossamfunnsloven som en oppfølging av Hurdalsplattformen. Departementet legger i høringsnotatet fram forslag om at tros- og livssynssamfunn som motarbeider den demokratiske styreformen, kan nektes tilskudd og registrering etter trossamfunnsloven. Videre legger departementet fram forslag om endringer i trossamfunnsloven knyttet til punktet om minst 40 prosent representasjon av hvert kjønn i de administrative organene. Departementet mener en modell der tros- og livssynssamfunnene som skal kreve tilskudd etter trossamfunnsloven, må forplikte seg til å jobbe for å oppnå 40 prosent kvinner og 40 prosent menn i de styrende organene til samfunnet, er den mest aktuelle. Det gjøres også rede for to andre modeller; en modell der det stilles et absolutt krav til de sentrale organene i samfunnet om minst 40 prosent av hvert kjønn, og en kombinasjonsmodell der det stilles et (absolutt) krav om minst 40 prosent av hvert kjønn i de sentrale styrende organene og et aktivitetskrav til de lokale styrende organene.

Departementet ber om innspill på virkningene av et krav om henholdsvis 100, 300 og 500 medlemmer i et tros- eller livssynssamfunn for å kunne få tilskudd. I dag er det et krav om 50 medlemmer.

Et livssynsåpent samfunn trenger møteplasser og arenaer som legger til rette for god dialog og samarbeid mellom tros- og livssynssamfunnene og ulike myndigheter. Departementet ber derfor også om innspill til hvordan dette samarbeidet og dialogen kan styrkes.

I tillegg til å følge opp punktene i regjeringsplattformen, inneholder høringsnotatet forslag til noen mindre justeringer i trossamfunnsloven og trossamfunnsforskriften, knyttet til «om-lag-prinsippet», dobbeltmedlemskap, sletting av klagesaksdokumenter med personopplysninger og regnskap fra tros- og livssynssamfunn som har flere underliggende enheter.

Høringsfrist og innsending

Vi ber om at høringssvar fortrinnsvis sendes elektronisk ved å bruke lenken «Send inn høringssvar» på høringssiden på regjeringen.no. Høringsuttalelser kan alternativt sendes pr. post eller pr. e-post til postmottak@bfd.dep.no.

Høringsfristen er **15. oktober 2023**.

Med hilsen

Erik Saglie (e.f.)
ekspedisjonssjef

Irene Tvedt Wangen
fagdirektør

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturen

Adresseliste

Arbeids- og inkluderingsdepartementet	Pb. 8019 Dep	0030	OSLO
Finansdepartementet	Pb. 8008 Dep	0030	OSLO
Forsvarsdepartementet	Pb. 8126 Dep	0032	OSLO
Helse- og omsorgsdepartementet	Pb. 8011 Dep	0030	OSLO
Justis- og beredskapsdepartementet	Pb. 8005 Dep	0030	OSLO
Klima- og miljødepartementet	Pb. 8013 Dep	0030	OSLO
Kommunal- og distriktsdepartementet	Pb. 8112 Dep	0032	OSLO
Kultur- og likestillingsdepartementet	Pb. 8030 Dep	0030	OSLO
Kunnskapsdepartementet	Pb. 8119 Dep	0032	OSLO
Landbruks- og matdepartementet	Pb. 8007 Dep	0030	OSLO
Nærings- og fiskeridepartementet	Pb. 8090 Dep	0032	OSLO
Olje- og energidepartementet	Pb. 8148 Dep	0033	OSLO
Samferdselsdepartementet	Pb. 8010 Dep	0030	OSLO
Statsforvalteren i Agder	Pb. 504	4804	ARENDAL
Statsforvalteren i Oslo og Viken	Pb. 325	1502	MOSS
Utenriksdepartementet	Pb. 8114 Dep	0032	OSLO

F-SAK 2023/27 Fornya avtale mellom Ulstein kommune og Ulstein sokn 2024 - 2027

UTGREIING

Vedlegg:

Avtale mellom Ulstein kommune og Ulstein sokn (2019)

Økonomisk skisse til fornya avtale med Ulstein kommune 2024-2027

Ulstein sokn har ei rammeavtale med Ulstein kommunen som regulerer rammene for kyrkjeleg verksemd i soknet med heimel i Kirkeloven § 15.

Rammeavtalen gjeld for fire år om gangen og har som mål å gi Ulstein sokn føreseielege organisasjonsmessige og økonomiske rammer for sitt arbeid.

Avtalen skal fornyast for budsjettåret 2024 og dei påfølgjande 3 år. Avtalen omtalar driftsramme for kyrkjeleg verksemd i soknet, men ikkje budsjett for investeringar for fornying, utviding eller nybygg av lokale eller større anskaffelser.

Rammeavtalen legg fastsett økonomi til stillingane som trengst for å utføre oppgåvene, og for øvrige driftskostnader som understøtter kyrkjelege handlingar, diakoni, kyrkjeleg undervisning og kyrkjemusikk. Rammeavtalen skal også dekke drift og vedlikehald av kyrkjebygg, leige av andre eigna lokale til kyrkjeleg verksemd, legge til rette for tenlege arbeidsforhold, kontorplass for dei tilsette og kyrkjeleg administrasjon.

Ulstein sokn driv også gravferdsforvaltning for heile Ulstein kommune og får driftstilskot til denne oppgåva. Også dette er del av rammeavtalen.

Ulstein sokn får bruke ressursane til Ulstein kommune gjennom ei avtalt tenesteyting.

Ulstein kyrkjelege fellesråd forvaltar driftstilskotet frå kommunen og lager budsjett for kvart år.

Endringar den fornya avtalen skal ta høgde for:

1. Ulstein sokn er ein aktiv samfunnsaktør. Diakoni er kyrkje sitt omsorgsteneste i lokalsamfunn og er til både for dei som er medlem og dei som ikkje er medlem i Den norske kyrkja. Pandemien og den russiske angrepsskrigen i Ukraina har vore og er utfordrande for mange. Gjennom besøksteneste, jubileumsfest, Kyrkja på senteret, eit engasjert ungdomsarbeid, matinnsamlingsaksjonen og ei auka digital satsing har diakonien levert viktige bidrag for ein auka livskvalitet for mange og er eit vesentlig supplement til den offentlege tenesteyting. Kyrkjelyden har lagt mykje innsats i å møte flyktningar som er busatt eller er berre for kort tid i Ulsteinvik. Kyrkjelyden legg til rette for møtepunkt, bygger nettverk med lokalsamfunnet, hjelper barn og unge til å bli med på fritidsaktivitetar, og er til for å trøste når krigens herjinger rammer familiemedlemane. Gjennom dette samfunnsengasjementet har soknet utvida sitt diakonale arbeid og ber kommunen om eit auka lønstillskot for å utvide diakonien med 30% stilling.
2. Ulstein kyrkje er ei listeført kyrkje og Ulstein mest verdifulle historiske bygg. Bygget er det einaste lokale Ulstein sokn eig til å drive sitt arbeid i. Kyrkjebygget er eit høgt elsa og flott lokale, men den utstrakte bruken gjer også at kyrkje treng kontinuerleg og fagkyndig vedlikehald. Sidan større vedlikehaldsprosjekt ikkje lenger kan gå gjennom investeringsbudsjett treng soknet ein tydeleg auka tildeling til kontinuerleg vedlikehald. Kirkemøtet 2023 vedtok at kyrkja sine aktivitetar og lokale skal vere universell tilgjengeleg, at arbeidsplassane i Den norske kyrkja skal ikkje ekskludere arbeidskraft med funksjonsnedsetting på grunn av den fysiske utforming av lokale. På dette punktet stiller Ulstein sokn særdeles därleg både med kyrkjebygget og kontorlokale. Også av den grunn treng tilskotet til vedlikehald og tilrettelegging i kyrkjebygget vere større enn i dag. Også installering og drift av tekniske komponentar som er viktige hjelpemiddel i ei slik tilrettelegging treng å kome i større grad inn i driftsbudsjett for Ulstein kyrkje og kyrkjeleg administrasjon. Ulstein sokn

ber difor om ei auke av driftstilskot for kyrkja.

3. Gravplassen på Osnes er ein fin og velstelt kyrkjegard, men den har få ledige plasser igjen. Dei siste åra har soknet i langt større grad enn før gjenbrukt graver til å gravlegge dei døde. Det er mykje meir arbeid enn å ta i bruk nye graver og det har gått ut over tidsbruken. Forskriftene om sikkerheit er skjerpa, det skal alltid vere 2 personar til stades ved graving. Oftare enn før måtte gravplassarbeidarane spørje teknisk etat i Ulstein kommune om hjelp ved gravinga og dette sprenger ramma tenesteytingsavtalen legg opp til. Å auke ramma for tenesteytingsavtalen kan vere ei løysing på dette dersom Ulstein kommune har tilstrekkelig med mannskap. Ei anna mulighet kan vere å auke bamanning på kyrkjegårdsdrift. Det er ein graver i 50% stilling og det er ei stilling som gjerne kunne blitt utvida med 20-30%. Med tanke på at det blir fleire og fleire eldre i kommunen er det også venta at det gjennomsnittlege tal på gravferd vil stige og dette vil resultere i auka ressursbruk både på gravplassen og i kyrkja.
Mange av trærne på Osnes kyrkjegard er gamle og har råteskader. Det er vesentleg at vi i løpet av dei neste åra fjerner store greiner eller heile trær, beskjære dei som begynner å vekse seg litt for store og planter nye etter kvart dei gamle blir tatt ut. Her strekk ikkje driftsbudsjettet til og ein treng ei auke i desse for å kunne kjøpe tenester som er heilt nødvendig å bli utført.
Gjennom ei kraftig auke er no inntektene frå festeavgiftene om lag dobbelt så høge som dei var i 2019. Dette hjelper eit godt stykke på veg å bere dei auka kostnadene for drift av kyrkjegarden.
4. Med trusopplæringsreformen som kom til Ulsteinvik i 2014 og ein nyoppretta kapellanstilling i 2017 har Møre bispedøme tatt høge for det veksande medlemstal med tildeling av auka presteressurs og trusopplæringsstilskot til kyrkjelyden. Men ny aktivitet og auka medlemstal fører også med seg eit auka behov for administrasjon, kontorplass og informasjonsarbeid. Med bakgrunn i dette, men også for å kunne tilby ein attraktiv arbeidsplass med fulltidsstillingar har soknerådet tilsett sekretær i 2021 i full stilling. Dette har Ulstein sokneråd behov for å få økonomisk sikra gjennom tilsvarende auka lønstillskot for administrasjonen.
5. Både i 2021 og 2022 hadde Ulstein sokn eit større meirforbruk som måtte dekkast gjennom disposisjonsfondet. Det blei gjort mykje for å spare kostnadene, men vi treng å vere ei kyrkje som setter verdige og gode rammer for livets store hendingar som dei aller fleste i Ulstein framleis ønskjer å bruke kyrkja og deira medarbeidrar til.

Intensjonen er å legge fram ein fornya rammeavtale til det sitjande kommunestyret for vedtak.

Talmaterialet for avtalen er ikkje heilt ferdig utarbeidt enda, men ei grov skisse for tildelinga vil vere slik vedlegget viser.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Ulstein kyrkjelege fellesråd stiller vedtek skisse for ei ny rammeavtale mellom Ulstein kommune og Ulstein sokn.

Ulstein kyrkjelege fellesråd ber fellesrådsleiar og kyrkjeverje om å gå gjennom avtalen med kommunedirektøren

Ulstein kyrkjelege fellesråd ber Ulstein kommunestyret om å handsame og vedta ny rammeavtale på sitt møte 14. september 2023

Tilskot frå Ulstein kommune til Ulstein sokn etter

		revidert budsjett 2018 etter omorganisering		forslag ny avtalegrunnlag 2019
	Avtalegrunnlag 2011			
6.2.2 Stillingar				
Administrasjon (Kyrkjeverje 100%, 80% sekretær,kantor 100%, reinhald kontor, kyrkje og driftsbygning 31%, kyrkjetenar 50%, klokkar 13%, kyrkjegardsarbeidar 115%,	1 920 061	kr 2 175 994		kr 2 175 994
Kateket (50%), Diakon (50%)	kr 514 053	kr 519 371		kr 519 371
Faste tillegg	kr 35 000	kr 32 000		kr 35 000
Variable tillegg	kr 50 000	kr 42 000		kr 50 000
Vikarar (6%)	kr 135 825	kr 80 861		kr 163 555
Sommarhjelper	kr 110 000	kr 50 000		kr 110 000
Pensjonsutgifter	inkl. i løn	kr 545 876		kr 545 876
Arbeidsgjevaravgift	inkl. i løn	kr 503 907		kr 503 907
Pers.forsikr.(gruppeliv og yrkesskade- 0950 og 1850)	kr 25 000	kr 18 000		kr 20 000
Bedriftshelseneste	kr 12 000	kr -		kr 15 000
Telefon tilsette (8 stillingar à 2.500)	kr 15 000	kr 17 500		kr 20 000
	kr 2 816 939	kr 3 985 508		kr 4 158 703

6.2.3 Godtgjersle folkevalde

10 møte i året: Kr. 1000 x 8 x 10 + leiar 30.000	kr 110 000	kr 110 000		kr 110 000
--	-------------------	-------------------	--	-------------------

6.2.4	Drift kyrkje							
	Forbruksmateriell (lys, blomster, reinhaldsmidlar etc)	kr	30 000		kr	56 984	kr	60 000
	Straum (kr. 99.667 i 2010)	kr	100 000		kr	53 172	kr	75 000
	Forsikring	kr	23 500		kr	19 612	kr	23 500
	Vedlikehald (mindre arbeid gjennom året)	kr	45 000		kr	24 422	kr	100 000
	Serviceavtalar (sprinkl.anl., orgel, ky-styring,el.kontr.)	kr	20 000		kr	23 453	kr	25 000
	Inventar				kr	34 766	kr	5 000
	Vakthald alarmsystem	kr	17 000		kr	5 885	kr	10 000
	Renovasjon	kr	3 000		kr	2 945	kr	3 000
		kr	238 500		kr	221 239	kr	301 500
6.2.5	Drift kyrkjegardar							
	Forbruksmateriell (planter, reinhald, drivstoff)	kr	10 000		kr	17 920	kr	18 000
	Arbeidskle tilsette	kr	3 000				kr	3 000
	Straum	kr	18 000		kr	17 143	kr	20 000
	Forsikringar				kr	8 973	kr	10 000
	Avgifter (kommunale avgifter, renovasjon)	kr	15 000		kr	27 256	kr	20 000
	Inventar og utstyr (fornyng, mindre innkjøp)	kr	20 000		kr	2 282	kr	10 000
	Ekstra personell (tenesteyting)	kr	40 000		kr	40 000	kr	40 000
	Serviceavtalar, reparasjonar (tenesteyting)	kr	30 000		kr	81 198	kr	30 000
	bilhald				kr	40 000	kr	20 000
	Feiing (tenesteyting)	kr	3 000		kr	3 000	kr	3 000
	Vedlikehald, materiell, byggtenester	kr	35 000		kr	19 500	kr	50 000
	Festeavgifter	kr	-60 000		kr	-236 230	kr	-200 000
		kr	114 000		kr	21 042	kr	24 000

auka prisar

endra til kr. 100.000 årleg ved tildeling 2017, vedlikehaldsarbeid utsatt til 2018

mindre utgift kompostering
investeringsbudsjett 2018

6.2.6

Kyrkjeleg administrasjon					
Felles utgifter sameiget (leigeforhold tidlegare)	kr	220 050		kr	39 108 kr 40 000
Rente / avdrag lån (leigeforhold tidlegare)				kr	187 000 kr 187 000
Kontormateriell elles (over kr. 25.000 i 2010)	kr	15 000		kr	10 414 kr 20 000
Forbruksmateriell (lysrør, såpe, toalettpapir, reinh.m.)	kr	4 000		kr	4 177 kr 4 000
Mat og servering	kr	8 000		kr	14 232 kr 10 000
- årsmøte kr. 3.000					
- 10 soknerådsmøte à kr. 400					
- 2 personalsamlingar à kr. 1.000					
- 10 ad hoc møter à kr. 200					
- fellesmøter stab/sokneråd kr. 3.000					
Porto (tenesteyting)	kr	20 000		kr	20 655 kr 20 000
Telefon	kr	8 000		kr	1 284 kr 3 000
Kopipapir (tenesteyting)	kr	5 000		kr	5 000 kr 5 000
Straum	kr	25 000		kr	22 102 kr 25 000
Bankgebyr	kr	10 000		kr	11 173 kr 13 000
Annonser	kr	6 000		kr	35 656 kr 40 000
Opplæring (1% av lønnsmassen)	kr	30 000		kr	16 292 kr 40 000
Reiseutgifter (stabstur 2018)				kr	45 662 kr 10 000
Bil- og bilhald					sjå kyrkjegård
Avgifter, programvare (kontingent KA, Labora,kopinor					
web-teneste med meir. + drift IT	kr	60 000		kr	193 811 kr 150 000
Drifting IT (tenesteyting fram til 2015)	kr	35 000			kr -
Kopiering				kr	37 208 kr 40 000
Inventar og utstyr	kr	20 000		kr	18 702 kr 20 000
Vedlikehald	kr	20 000		kr	- kr 10 000
Revisjon	kr	12 000		kr	12 166 kr 15 000
Rekneskap, lønn og personal. Rapportering (tenesteyting)	kr	130 000		kr	130 000 kr 180 000
Eigenkapitalkrav KLP	kr	11 000		kr	11 000 kr 12 000
Undervisningsmateriell, konfirmantar	kr	30 000		kr	44 000 kr 45 000
Undervisningslokale 80 t à 500,-	kr	24 000		kr	33 500 kr 40 000
	kr	693 050		kr	893 143 kr 929 000
stillingskostnader dekket av kommunen	kr	2 816 939			kr 4 158 703
Kommunal ramme utanom stillingskostnader	kr	1 155 550			kr 1 364 500
Brutto ramme	kr	3 972 489			kr 5 523 203
Tenesteyting	kr	-263 000			kr -278 000
Overføring frå UK til US (netto ramme)	kr	3 709 489			kr 5 245 203

forventer nytilsettingar

reise fagdagar
sjå kyrkjegård

nokre ekstra kostnader ved systemskifte 2017

leasing og bruk av kopimaskin

mindre behov enn før

Økonomisk skisse til ny rammeavtale med Ulstein kommune 2024 - 2027

Årsverk betalt gjennom kommunalt tilskot

	2019	2024	endring	kommentar
kyrkjeverje	1	1		
sekretær	0,8	1	0,2	utvida sekretærstilling 20% - gjort i 2021
kantor	1	1		
kyrkjetenar / kyrkjegårdsarbeidar	1	1		
gravar	0,5	0,7	0,2	utvida kyrkjetenar / kyrkjegårdsarbeidar 20%
klokkar	0,13	0,13		
diakon	0,5	0,8	0,3	lønstillskot integreringsarbeid diakoni 30%
kateket	0,5	0,5		
reinhald	0,31	0,25	-0,06	tilpassing reinhald - 6% - gjort i 2020
sum årsverk betalt gjennom kommunen	5,74	6,38	0,64	

Auke årsverk betalt gjennom kommunen 2024:

0,64

Tilskot frå Ulstein kommune til Ulstein sokn etter avtale

Stillingar	avtalegrunnlag 2019	forslag ny avtalegrunnlag 2024	
		kr	kr
Kyrkjeverje 100%, sekretær 100%, kantor 100%	kr 2 175 994	kr 3 129 000	
kyrkjetenar 40%, integrasjonsarbeidar 30%			
klokkar 13%, kyrkjegårdsarbeidar 140%, reinhald kontor, kyrkje 25%			
Kateket (50%), Diakon (50%)	kr 519 371	kr 660 700	
Faste tillegg	kr 35 000	kr 32 000	
Variable tillegg	kr 50 000	kr 20 000	
Vikarar (5%)	kr 163 555	kr 112 503	
Sommarhjelper	kr 110 000	kr 110 000	
Pensjonsutgifter	kr 545 876	kr 766 171	
Arbeidsgjevaravgift	kr 503 907	kr 685 964	
Pers.forsikr.(gruppeliv og yrkesskade- 0950 og 1850)	kr 20 000	kr 20 000	
Bedriftshelseteneste	kr 15 000	kr 12 000	
Telefon tilsette (8 stillingar à 2.500)	kr 20 000	kr 20 000	
	kr 4 158 703	kr 5 568 338	

lønsvekst, auka årsverk

6.2.2

Godtgjersle folkevalde	kr	kr
10 møte i året: Kr. 1000 x 8 x 10 + leiar 30.000	kr 110 000	kr 110 000

6.2.3

6.2.4

Drift kyrkje			
Forbruksmateriell (lys, blomster, reinhaldsmidler etc)	kr	60 000	kr 75 000
Straum (kr. 99.667 i 2010)	kr	75 000	kr 75 000
Internett (ny i 2020)			kr 28 000
Annonsering (tilgjengelighet)			kr 20 000
Forsikring	kr	23 500	kr 32 000
leige av andre lokale (universell utforming, storleik, eigna lokale)			kr 20 000
Vedlikehald ved kyrkjebygget (ikkje tilhøyrande i investeringsbudsjett)	kr	100 000	kr 200 000
materiell vedlikehald			kr 20 000
Serviceavtalar (sprinkl.anl., orgel, ,el.kontr.)	kr	25 000	kr 70 000
Inventar (universell utforming, tekniske komponenter, kyrkjeinteriør)	kr	5 000	kr 40 000
Vakthald alarmsystem	kr	10 000	kr 25 000
Renovasjon	kr	2 945	kr 4 500
Renteutgifter			
Avdragsutgifter			
	kr	301 445	kr 609 500

auka vedlikehald, universell utforming, prisvekst

6.2.5

Drift kyrkjegardar			
Forbruksmateriell (planter, reinhald, drivstoff)	kr	18 000	kr 28 000
Porto (faktura festeavgift)			kr 4 000
Telefonabonnement kyrkjegård			kr 1 400
Arbeidskle tilsette	kr	3 000	kr 4 000
Opplæring tilsette			kr 12 000
Drift/vedlikehald av egne/leigde transportmiddel/maskiner	kr	20 000	kr 60 000
Årsavgift og forsikring transportmiddel/maskiner			kr 14 000
Straum	kr	20 000	kr 18 000
Forsikringar	kr	10 000	kr 1 200
Avgifter (kommunale avgifter, renovasjon)	kr	20 000	kr 20 000
Inventar og utstyr (fornyng, mindre innkjøp)	kr	10 000	kr 72 400
Ekstra personell (tenesteyting)	kr	40 000	kr 20 000
Serviceavtalar, reparasjonar (tenesteyting)	kr	30 000	kr 30 000
Feiing / brøyting(tenesteyting)	kr	3 000	kr 5 000
Vedlikehald, materiell, byggtenester	kr	50 000	kr 150 000
<i>renteutgifter</i>			
<i>Avdragsutgifter</i>			
Festeavgift	kr	-200 000	kr -400 000
Gravstell / brukerbetaling			kr -40 000
	kr	24 000	kr -

auka kostnader bærar seg gjennom auke festavgift

6.2.6

Kyrkjeleg administrasjon			
Felles utgifter Sameiget (leigeforhold tidlegare)	kr 40 000	kr 50 000	
Rente / avdrag lån (leigeforhold tidlegare)	kr 187 000	kr 160 000	
Kontormateriell elles (over kr. 25.000 i 2010)	kr 20 000	kr 17 000	
Forbruksmateriell (lysrør, såpe, toalettpapir, reinh.m.)	kr 4 000	kr 32 000	
Mat og servering	kr 10 000	kr 30 000	
- årsmøte kr. 3.000			
- 10 soknerådsmøte à kr. 400			
- 2 personalsamlingar à kr. 1000			
- 10 ad hoc møter à kr. 200			
- fellesmøter stab/sokneråd kr. 3.000			
Porto	kr -	kr 1 000	
Telefon	kr 3 000		
Kopipapir (tenesteyting)	kr 5 000	kr 5 000	
Straum	kr 25 000	kr 40 000	
Bankgebyr	kr 13 000	kr 20 000	
Annonser	kr 40 000	kr 10 000	
Opplæring (1% av lønnsmassen)	kr 40 000	kr 40 000	
Reiseutgifter (stabstur 2018)	kr 10 000	kr 15 000	
Bil- og bilhald			
Avgifter, programvare (kontingent KA, Labora,kopinor		kr 95 000	
web-teneste med meir. + drift IT	kr 150 000	kr 115 000	
Drifting IT (tenesteyting fram til 2015)	kr -		
Kopiering	kr 40 000	kr 18 000	
Inventar og utstyr	kr 20 000	kr 30 000	
Vedlikehald	kr 10 000	kr 30 000	
konsulenttenester, revisjon	kr 15 000	kr 35 000	
Rekneskap, lønn og personal. Rapportering (tenesteyting)	kr 180 000	kr 200 000	
Eigenkapitalkrav KLP	kr 12 000	kr 15 000	
Undervisningsmateriell, konfirmantar	kr 45 000	kr 45 000	
Undervisningslokale utanom kyrkjebygg	kr 40 000	kr 80 000	
	kr 909 000	kr 1 083 000	
stillingskostnader dekket av kommunen	kr 4 158 703	kr 5 568 338	
Kommunal ramme utanom stillingskostnader	kr 1 344 445	kr 1 802 500	
Brutto ramme	kr 5 503 148	kr 7 370 838	
Tenesteyting	kr -258 000	kr -260 000	
Overføring frå UK til US (netto ramme)	kr 5 245 148	kr 7 110 838	

digitalisering, universell utforming, auka volum aktivitet

justert: auka reknskap, redusert teknisk hjelp

F-SAK 2023/28 2. gongs offentleg ettersyn - Interkommunal kystsoneplan for ytre sore

UTGREIING

Vedlegg:

Epost fra Møre bispedøme, datert 07. august 2023

Lenker til dokument i kystsoneplan:

<https://www.ulstein.kommune.no/organisasjon-og-tilsette/innsyn-postlister-hoeringar-og-kunngjeringar/hoeringar-og-kunngjeringar/2-gongs-offentleg-ettersyn-interkommunal-kystsoneplan-for-ytre-sore-sunnmore.164542.aspx>

Den interkommunale kystsoneplanen for ytre Søre Sunnmøre ligg ut til 2. gongs ettersyn med frist for innspel 8. september. Formålet er å regulere område slik at bruk av området tek omsyn til ulike faktorar for vern og omsynssoner.

Ulstein sokn har kulturminner som ligg i kystsona:

1. Ulstein kyrkje med sjøkontakt i siktlinja
2. Ulstein gamle kyrkjested
3. Gravplass på Osnes

Fylkeskommunen i Møre og Romsdal har kome med motsegn i første runde med ettersyn og skriv om soknet desse kulturminna slik:

Kulturvern Ulstein har ingen direkte arealkonfliktar, likevel kan bruken av omsynssone H_570 i sjø vere med på å hindre framtidige konfliktar. Vedlagt SOSI-fil viser korleis slike kan brukast for å sikre verna av utvalte kulturmiljø med lokal, regional og nasjonal interesse.

Kulturminne frå nyare tid som bør omtalast, eventuelt sikrast med omsynssone er:

1. Grasøyane fyrtasjon har nasjonal verdi.
2. Borgarøya handelsstad har regional verdi.
3. Håkonsholmen handelsstad har regional verdi.
4. Vattøya skule har regional verdi.
5. Kulturlandskap på Haddal har regional verdi. Her handlar det om steingardar og steinbruk i arealet ned mot sjøen.
6. Naustrekka på Flø.
7. Ulstein kyrkje der sjøkontakt er viktig.
8. Gamle Ulstein gravplass utover mot Flø har nasjonal verdi og er freda.
9. Gravplass og kulturlandskap kring Osneset, inkludert Oshaugen og vrak på Osnessanden som er automatisk freda.

Lokalkyrkja si historie er tett knytt til sjølivet. Kyrkjene langs kysten har ei betydning som landemerke, Ulstein gamle kyrkjested og kyrkjegarden på Osnes er viktige historiske område for samfunnet og er samstundes verdifulle rekreasjonsområde. Ulstein kyrkja er listeført og eit historisk verdifull signalbygg som ikkje bør miste kontakten mot sjøen.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Ulstein kyrkjelege fellesråd står motsega frå fylkeskommunen og ber om at kulturminna Ulstein kyrkje, Ulstein gamle kyrkjested og Osnes kyrkjegard bør omtalast og sikrast med omsynssone.

Christfried Kaul

Fra: Svein Magne Harnes
Sendt: mandag 7. august 2023 15.22
Til: Christfried Kaul; Rønnaug Bjørlykke; Kyrkjeverje i Sande ; Olaus Jon Kopperstad; Bente Andreasen Pilskog
Emne: 2. gongs offentleg ettersyn - Interkommunal kystsoneplan for ytre søre Sunnmøre. Høyningsfrist: 08.09.2023

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Flagget

Kategorier: Sokneråd
AppServer: dnk.public360online.com
AppServerName: dnk.public360online.com
DocumentIsArchived: 0
FileUpdateStatus: 1

Interkommunal kystsoneplan for ytre søre Sunnmøre er sendt ut på 2. gongs offentleg ettersyn. Kystsoneplanen omfattar kommunane Hareid, Herøy, Sande, Vanylven og Ulstein.

Frist for merknadar og innspel er: 08.09.2023

Legg til grunn at de følgjer opp dette lokalt dersom det skulle vere moment i planen som rører ved kyrkjer/kirkjestedar/gravplassar.

Planforslaget vil ligge ute til offentleg ettersyn/høyring i perioden 07.07.2023 til 08.09.2023.

Plandokumenta finn du på www.ulstein.kommune.no. [Lenke til plandokumenta](#)

Innspel til planarbeidet skal vere skriftelege og sendast til; Ulstein kommune, Postboks 143, 6067 Ulsteinvik eller postmottak@ulstein.kommune.no innan fristen.

Med vennleg helsing
Svein Magne Harnes
rådgivar kyrkjebygg
Møre bispedøme
+47 906 67 325



Meir himmel på jorda | www.kyrkja.no/more

S-SAK 2023/29 Søknad om å drive næringsverksemd på Ulstein kyrkjegard

UTGREIING

Vedlegg:

Vedtekter for gravplassane i Ulstein

Søknad om løyve for å utføre gravstell i Ulstein

Ulstein sokn har motteke søknad om løyve til å utføre gravstell på kyrkjegården frå Maria Aure som ønskjer å starte firma som steller graver på Osnes kyrkjegard.

I vedtektena for gravplassane i Ulstein heiter det:

§ 12. NÆRINGSVERKSEMD

Næringsdrivande som ønskjer å drive verksemd på gravplassen skal hente inn løyve frå gravplassmyndigheita. Løyvet kan kallast tilbake dersom vedkomande ikkje rettar seg etter dei reglane som gjeld.

Slik verksemd kan berre omfatte montering, sikring og vedlikehald av gravminne og tilplanting og stell av graver.

Stell av graver er eit viktig element på inntrykket man får på ein kyrkjegård. Fleire som bur andre stader har gravlagt sine i Ulstein og er takksam for slike tilbod.

Men det kan dukke opp fleire spørsmål kring slik aktivitet, til dømes reklamering for teneste, lagring av utsytyr, håndtering av avfall og meir. For å ha ryddige forhold er det naudsynt med ei protokollert befaring saman med kyrkjegardsarbeidarane våre og kyrkjeleverje før arbeidet kan starte opp.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Ulstein kyrkjelege fellesråd Maria Aure løyve til å utføre arbeid med gravstell på Osnes kyrkjegård jmf. vedtektena etter ho har etablert firmaet sitt. Før oppstart av verksemd skal det finne stad ein protokollert befaring saman med kyrkjegardsarbeidarane våre og kyrkjeleverje.

Utkast til

FORSKRIFT OM GRAVPLASSVEDTEKTER, Ulstein kommune, Møre og Romsdal

Jf. lov av 7.juni 1996 nr. 32 om gravplassar, kremasjon og gravferd (gravplasslova) § 21 (1) , § 8 (1) og § 14 (1) og forskrift til lov om gravplassar, kremasjon og gravferd av 10. januar 1997 nr. 16 (gravplassforskrifta) § 15a (4), jf. gravplasslova § 14 (1) og § 21 (1).

Vedtatt av Ulstein kyrkjelege fellesråd / 14.06.2023

Godkjent av Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark (dato)

§ 1 FORVALTNING

Gravplassane i Ulstein kommune er underlagt Ulstein kyrkjelege fellesråd / kommune administrasjons- og myndighetsområde.

§ 2. DEFINISJONAR

Gravplassmyndighet: Ulstein kyrkjeleg fellesråd/kommune under utøving av forvaltningsansvaret sitt for gravplassane i Ulstein kommune, jf. gravplasslova med forskrifter.

Fri grav: Grav som gravplassmyndigheita har tildelt ein avdød person frå kommunen, og som det ikkje blir betalt festeavgift for i fredingstida.

Festa grav: Grav som det er inngått eller fornya festeavtale for, jf. gravplasslova § 14.

Festa gravstad: Fleire kistegraver som er festa saman.

Ordinær urnegrav: Grav til oskeurne med plass til fire urner, jf. gravplassforskrifta § 14.

Urneggrav i minnelund: Grav til oskeurne i minnelund med plass til éi urne.

Kistegrav: Grav som stettar forskrifta sine krav til storleik for gravlegging av kister. I ei kistegrav kan det også gravleggjast urner.

Fredingstid: Tidsrom frå siste gravlegging til grava kan takast i bruk igjen til ny gravlegging.

Festetid: Tida det er avtala å feste ei grav for.

Ansvarleg for grav: Den som er ansvarleg for ei fri grav.

Festar: Den som står som part i ein festeavtale.

Anonym minnelund: Gravfelt for anonyme graver. Feltet kan ha eit felles minnesmerke utan opplysningar om kven som er gravlagt.

Namna minnelund: Gravfelt med felles minnesmerke med namn og data på dei som er gravlagde der.

§ 3. FERDSEL PÅ GRAVPLASSANE

Besökande skal om mogeleg ferdast gåande, jf. gravplassforskrifta § 9 (2).

Gravplassmyndigheita kan etter søknad gi løyve til å køyre ved dokumentert sjukdom/forflyttingshemming. All køyring skal skje særleg omsynsfullt.

§ 4. GRAVPLASSTILHØRSLE

Avdøde personar i kommunen kan gravleggjast på kva som helst av gravplassane i kommunen.

Dei har rett til fri grav så framt grava er tilvist.

Avdøde personar som på grunn av sjukdom eller alderdom har budd i ein annan kommune mot slutten av livet, blir medrekna på same måte som kommunens eigne innbyggjarar, og har rett til fri grav så framt grava er tilvist.

Avdøde personar frå andre kommunar kan berre bli gravlagt i kommunen etter kremasjon og mot at kostnadane ved gravferda og avgift som ved feste av grav blir betalt.

§ 5. FREDINGSTID

Fredingstid for kistegraver er 20 år.

Fredingstid for urnegraver er 20 år.

Gravplassmyndigheita kan vedta lengre fredingstid for enkelte graver.

§ 6. FESTE AV GRAV MED MEIR

Når kistegrav skal takast i bruk er det høve til å feste ei grav ved sida av, og etter søknad til gravplassmyndigheita; for ei ekstra grav i tillegg når behovet tilseier det. Desse gravene utgjer då éin gravstad.

Ved bruk av ordinær urnegrav, sjå definisjon av "ordinær urnegrav" i § 2 *Definisjonar*, kan det ikkje bli festa ei grav ved sida av.

Ved feste av grav ved sida av den kistegrava som blir tatt i bruk, er festetida 20 år.

Når festetida/fredningstida er ute, kan grava / gravstaden bli festa for nye 5 år. Når det er gått 50 år etter siste gravlegging, kan festet fornyast ved særskilt høve, til dømes for barne- og ungdomsgraver.

I god tid før festetida er ute skal festaren bli varsla. Er ikkje festet blitt fornya innan seks månader etter forfall, fell grava eller gravstaden tilbake til gravplassen.

Innbetalt festeavgift blir berre betalt tilbake dersom tilbakebetaling følgjer av bindande rettsreglar eller det ligg føre særlege grunnar.

Ingen kan bli gravlagt i festa grav/gravstad utan festaren sitt samtykkje. Dersom det ikkje er råd å hente inn samtykkje frå den ansvarlege eller festaren til bruk av grav, kan gravplassmyndigheita ta avgjersle om gravlegging.

Festar pliktar å melde adresseendring.

§ 7. GRAV OG GRAVMINNE

Ved opning av grav kan jord bli lagt på omkringliggende graver og gravutstyr kan mellombels bli flytta. Gravplassmyndigheita sørger for istandsetting igjen, og vil også sjå til at grava blir planert og tilsådd med gras etter gravlegging. Montering av gravminne kan først skje etter at gravplassmyndigheita har godkjent gravminnet og merka staden der det skal stå. Det kan ikkje bli sett opp tidlegare enn 4 månader etter gravlegging av kiste. Gravminne på urnegrav kan bli sett opp med ein gong etter urnenedsetting. Så lenge ein ventar på gravminne sørger gravplassmyndigheita for eit merke med avdøde sitt namn på.

På nyfesta gravstad skal gravminnet plasserast i bakkant av den grava som er tatt i bruk, og blir sentrert på gravstaden etter neste gravlegging.

Gravminne som vert sett opp utan å vere godkjent og som ikkje er i samsvar med regelverket, kan etter gitt frist bli fjerna av fellesrådet.

§ 8. PLANTEFELT

Framfor gravminnet er det høve til å opparbeide eit plantefelt i høgde med bakken omkring. Det må ikkje vere breiare enn gravminnet si breidde, men kan i alle tilfelle vere opp til 60 cm breitt. Det kan ikkje stikke lengre fram enn 60 cm, målt frå gravminnet sin bakkant. Det kan ikkje plantast vekstar som overstig gravminnet si høgd eller går utover plantefeltet. Det kan ikkje plantast vekstar som er på fremmedartslista eller som har evna til å spreie seg uønska vidare.

Det er ikkje høve til å bruke faste dekorgjenstandar som blomsterurner, lykter mv. i plantefeltet. Det er høve til å tenne stearinlys og oljelampe på grava, så lenge dette er innanfor gjeldande reglar om brannvern. Stearinlys, oljelamper og andre lause dekorgjenstandar skal fjernast etter bruk.

Det er høve til å ramme inn plantefelt med delt steinkant eller bedplate som fluktar med terrenget omkring. Bedplate og fundament for gravminne skal ikkje henge saman.

Dersom det ikkje er aktuelt å ha plantefelt, skal det vere grasbakke på alle sider av gravminnet.

Det er ikkje høve til å ramme inn grava med hekk eller døde materiale.

§ 9. PLANTEMATERIALE

Planter, kransar og liknande materiale som blir nytta ved gravferd eller ved pynting av grav og som endar som avfall, skal fullt ut vere kompostérbare.

§ 10. STELL AV GRAV

Kvar ansvarleg for frigrav eller gravfestar har rett og plikt til å stelle den grava vedkomande har ansvaret for. Plantefelt som ikkje blir tilplanta eller stelt skal såast til av den ansvarlege eller bli sådd til av gravplassmyndigheita.

Ansvarleg for grav eller festar pliktar å halde gravminnet sikra og i forsvarleg stand.

Ansvarleg for grav eller festar kan gjere avtale om at kyrkjelege fellesråd/kommunen, og den som får løyve til det etter § 13, kan utføre planting og stell av grav, samt montering, sikring og vedlikehald av gravminnet. Ein slik avtale fritek ikkje den ansvarlege eller festar frå det ansvaret dei har etter reglane som til ei kvar tid gjeld.

§ 11. NAMNA MINNELUND

Ved gravlegging i namna minnelund skal namn og data til avdøde førast på ei namneplate på felles minnesmerke.

Namna minnelund på Osnes gravplass gir ikkje høve til kistegravlegging

Graver i namna minnelund kan bli festa etter fredingstidas utløp på lik linje med andre graver på gravplassen. Det vil likevel ikkje vere høve til å gravleggje på nytt i grava.

I namna minnelund kan det bli festa ei grav attmed. Dette gjeld også urnegrav, sjå definisjon av "urnegrav i minnelund" i § 2 *Definisjonar*. Ved feste av grav attmed skal det betalast

festeavgift frå tidspunktet då den første grava blir tatt i bruk. Ved feste av grav attmed i namna minnelund vil ikkje gravene nødvendigvis kome attmed kvarandre, men namneplatene.

Avgift for bruk av namna minnelund blir betalt frå det tidspunktet grava blir tatt i bruk.

Gravplassmyndigheita har ansvaret for felles tilplanting og stell i minnelunden. Det er ikkje høve til å opparbeide eige plantefelt for grav i minnelund. Det kan leggast ned blomar og tennast gravlys så lenge dette er innanfor gjeldande reglar om brannvern, på ein stad tilvist av gravplassmyndigheita.

§ 12. NÆRINGSVERKSEMD

Næringsdrivande som ønskjer å drive verksemد på gravplassen skal hente inn løyve frå gravplassmyndigheita. Løyvet kan kallast tilbake dersom vedkomande ikkje rettar seg etter dei reglane som gjeld.

Slik verksemد kan berre omfatte montering, sikring og vedlikehald av gravminne og tilplanting og stell av graver.

§ 13 ARBEID PÅ GRAVPLASSANE

Anleggs- og vedlikehaldsarbeid skal skje på kvardagar i arbeidstida (kl. 07:00-17:00) og må ikkje utførast på søndagar, heilagdagar eller offentlege høgtidsdagar. Ikkje noko arbeid på gravplassen må vere til sjenanse for seremoniar eller rituelle handlingar på gravplass eller i bygning på gravplass. Næringsdrivande kan berre køyre på gravplassen i den grad det er nødvendig for å utføre arbeidet. Slik køyring skal skje ekstra omsynsfullt.

§ 14. DISPENSASJON FRÅ VEDTEKTENE

Gravplassmyndigheita kan i særlege tilfelle og innanfor ramma av gravplasslov og gjeldande forskrifter fråvike §6, §11 i vedtekten.

§ 15. IKRAFTSETJING OG OPPHEVING AV ELDRE VEDTEKTER

Denne forskrift om gravplassvedtekter trer i kraft frå 01.09.2023. Frå same tid blir vedtekter (11.11.2013) for gravplassane i Ulstein kommune i Møre og Romsdal fylke, oppheva.

Christfried Kaul

Fra: Maria Aure <Auremaria@outlook.com>
Sendt: mandag 7. august 2023 15.17
Til: Christfried Kaul
Emne: Forespørsel

Kategorier: Sokneråd

Hei 😊

Er i oppstart av et firma som skal tilby gravstell på gravsteder i nærområdet.

Forhører meg derfor litt og ønsker å spør om tillatelse fra dere til å tilby dette på Ulstein gravplass.
Håper dere kan gi en positiv tilbakemelding på dette.

MVH

Maria Aure
Sendt fra [Outlook for Android](#)

S-SAK 2023/30 Signaturrett på vegne av styret

UTGREIING

Ved inngåing av ein refinansiering for soknet sitt lån for kontorseksjonen blei det fremja krav om at dei som har signaturrett signerer avtalen.

Ulstein sokneråd har signaturrett som styret for Ulstein sokn. Styret treng å bruke signaturretten sin på avtaler som i vesentleg grad rører ved selskapet sine eigendomsforhold eller økonomi.

Ved styre som består av mange medlemmar kan styret delegera signaturretten til enkelte styremedlemmar, dagleg leiar eller navngitte tilsette.

Ulstein sokneråd har ved sin konstituering etter valet i 2019 ikkje delegert signaturretten til enkelte styremedlemmar.

For å kunne håndtere inngåing av avtalar på ein effektiv måte kan det vere ein fordel at Ulstein sokneråd delegerer signaturretten. For at ikkje ein person aleine kan signere ei avtale bør det vere minst 2 personar i fellesskap som får signaturrett delegert til.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Ulstein sokneråd delegerer signaturretten til fellesrådsleiar Odd Arne Vikebakk, nestleiar Annelise Kleven Godø og kyrkjeverje Christfried Kaul i fellesskap.

S-SAK 2023/31 Fjerning av krav om betaling for preludering i gravferd

UTGREIING

Vedlegg:

Betalingsregulativ Ulstein kyrkje 2023

I mange gravferd er det vanleg at organisten speler musikk mens dei pårørande samlar seg i kyrkjerommet før seremonien starter. Det skapar ei fin stemning og hjelper dei pårørande å kunne samle seg.

Men preluderinga er ikkje ein del av det som blir levert som ei gratis seremoniteneste til gravferd i Ulstein og Hareid for kyrkja sine medlemar. Dei pårørande bestiller preludering gjennom gravferdsbyrået som formidlar det vidare til kantor / kyrkjekontoret. Kyrkjekontoret fakturerer for preluderinga etter gravferd. Satsen er kr. 800. Preludering blir bestilt til om lag 2/3 av gravferda. Inntektene blir bokført under kyrkjemusikalsk arbeid i Ulstein sokn. På årsbasis er det om lag kr. 30.000 som kjem inn.

Valet om preludering eller ikkje kan etterlate eit inntrykk av ei klassekilje mellom folk. Sjølv om det ikkje er store summer, så er jo ofte summen av utgifter i ei gravferd høge, og preluderinga kan vere ein post å vurdere å kutte. Men det er da eit relativ synleg val som dei som kjem i gravferd får med seg.

Hadde preluderinga vore ein del som høyrt til gravferdsseremonien utan at ein tek betalt for det vil det vere ein ting mindre å måtte ta stilling til for dei pårørande. Det vil også spare kyrkjekontoret litt administrasjon.

Ulstein sokn har hatt eit meirforbruk dei siste 2 år og treng også å vurdere korleis ein kan kompensere for manglande inntekt dersom ein vel å preludere utan vederlag.

Hareid sokneråd er også oppmoda om å drøfte denne saka. Det ville vere flott å ha lik praksis også på dette punktet.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Saka blir lagt fram utan framlegg til vedtak

Betalingsregulativ for Ulstein sokn 2023

Leige av kyrkja (med kyrkjetenar) til arrangement	
lokale lag, organisasjonar og grupper Ulstein sokn har eit samarbeid med 10% av inntekt	
alle andre: 15% av inntekt eller minimum	3000
Rigging av scene – stor	1500
Rigging av scene – liten	1000
Vigsle	
leige av kyrkja - ingen av paret folkeregistrert busett Ulstein, men medlem	2000
leige av kyrkje for vigsle, ikkje medlem	4000
leige av organist, ikkje medlem eller ingen av paret busett i soknet	2400
øving med organist per påbegynt time	600
Leige av prest, ikkje medlem (sats og fakturering KR)	3700
Videoopptak med fleirkameraproduksjon	3000
Gravferd	
ikkje rett på fri gravplass urnenedsetting (UKS)	2500
ikkje rett på fri gravplass, men medlem, bruk av kyrkja	2000
ikkje rett på fri gravplass, ikkje medlem, bruk av kyrkja	4000
ikkje rett på fri gravplass, ikkje medlem, leige organist	2400
øving med organist per påbegynt time	600
Preludering ved gravferd	800
Leige av prest, ikkje medlem (sats og fakturering KR)	3700
Videoopptak med fleirkameraproduksjon	2000
Leige av organist (ikkje vedteken, kr. 2400 i praksis slik i vigsle)	
Utskriving av attestar / håndtering av minnegåver	
2. gongs utskriving dåps- eller vigselsattest	250
Handtering av minnegåver	180
Festeavgift	
Festeavgift (for eit år – fakturering 5 år om gangen) (UKS)	300
På nyetablert namna minnelund eller urnegrav på nyetablert urnelund (UKS)	150
Bruk av plass på namna minnelund	
Inkluderer namneplata på felles gravminne, stell i 20 år. (UKS)	12000
Gravminne	
Oppsetting og oppretting av gravminne under 150 kg	600
Oppsetting og oppretting av gravminne mellom 150 og 300 kg	800
Stell av grav	
etableringskostnad avtale	350
årleg administrasjonsgebyr	250
gravstell på årsbasis	750
planter på årsbasis	450

Vedteken i Ulstein kyrkjelege fellesråd, 07.04.2022 i sak F-2022/12

Vedteken i Ulstein kommunestyre, 19.05.2022 i sak P45/22

S-SAK 2023/32 Oppnevning av nye medlemar i utval for kyrkjemusikk og kultur

UTGREIING

Vedlegg:

plan for kyrkjemusikk og kultur (2014)

mandat for utval for kyrkjemusikk og kultur (2012-2015)

I inneverande soknerådsperioda har det ikkje blitt oppnemnt nye medlemar til utval for kyrkjemusikk og kultur. Nokre av medlemane i det førre utvalet har framleis engasjert seg i prosjekt som Jazz og Koral, Julenattiné og musikkteateret "Eg spelte på fløyte". For den nye kantoren er utvalet for kyrkjemusikk og kultur vesentleg for å kunne kome i kontakt med lokale musikkrefreter, bygge nettverkl og finne støttespelarar for å utvikle kyrkjelyden sitt musikalske og kulturelle arbeid vidare. Soknerådet sin representant inn i utval for kyrkjemusikk og kultur, Bodil Voldsund har teke eit nytt initiativ saman med kyrkjeverje for å rekruttere frivillige medlemar inn i utvalet. Forslaget vil bli lagt fram i møtet slik at soknerådet kan oppnemne medlemar i utvalet.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Saka blir lagt fram utan framlegg til vedtak

Plan for Kyrkjemusikk og kultur i Ulstein sokn

Hovudmål

- Musikken og andre kulturuttrykk skal invitere til refleksjon rundt kristen tru, både ved å styrke og å utfordre
- Kulturen og musikken i vår kyrkjelyd skal gje relasjonane mellom Gud og menneske kunstneriske utrykk
- Kulturuttrykka i vår kyrkjelyd skal ha som mål å styrke banda mellom innbyggjarane i soknet og eiga kyrke

Gudstenester og kyrkjelege handlingar

Mål:

- Musikken i gudstenestene og kyrkjelege handlingar skal inspirere til deltaking og engasjement
- Musikken i gudstenesta skal fremja salmesongen i kyrkjelyden
- Musikken skal tilføre gudstenesta ein kunstnerisk og estetisk dimensjon
- Kyrkjelyden skal legge til retten for at alle som kjem møter eit kulturelt utrykk som dei er fortrulege med. Musikken og andre kulturuttrykk skal vere berar av nyskaping og tradisjon.

Tiltak:

- Det bør leggast til rette for at det er innslag frå musikalske grupper/enkeltpersonar på dei fleste gudstenestene. Alle kora i kommunen må få spørsmål om å delta i minst ein gudsteneste i året
- Det bør vere naturleg at minst ein ressursperson innan kulturlivet, og kantor får ei aktiv rolle i gudstenestegruppe.
- Salmesamsongen er ein hovudbestanddel i gudstenestene i Ulstein. Det må alltid vere ein god balanse mellom repertoarforsyning og val av kjende salmar. Som ein naturleg følgje av dette bør Ulstein sokn gå til innkjøp av ny salmebok som kjem hausten 2013
- Gudstenestene bør også gje rom for, og tenke kreativt omkring dei ordlause kulturuttrykka (dans, biletkunst, instrumentalmusikk, mime...). God kommunikasjon med Ulstein Kulturskule er viktig her
- I den grad det er mogleg, bør kyrkjemusikkutvalet/kantor utarbeide halvårsplanar for musikkinnhald i gudstenestene
- Orgelet er den viktigaste musikalske arbeidsreiskapen i gudstenesta, men ein må også legge til rette for andre instrumentarium, gjerne i samspel med orgelet.
- Den musikalske stilene i gudstenestene bør variere, men alltid sikte inn mot hovudmålet: «Å gje relasjonane mellom Gud og menneske kunstneriske utrykk», «invitere til refleksjon rundt kristen tru» og «styrke og utfordre»
- Det bør i størst mogleg grad vere «levande» musikk i gudstenestene, gravferdene og vigslene

Korverksemd

Mål:

- Kyrkjelyden skal legge til rette for korverksemd
- Kyrkja sine kor og andre kor i lokalsamfunnet skal ta jamnleg del i kyrkjelege aktivitetar
- Kyrkja sine kor skal vere opne fellesskap, med rom for vekst og utvikling
- Korveksemda skal brukast som ein del av trusopplæringa i soknet

Tiltak:

- Ulstein sokn bør, i den grad det er realistisk, ha kortilbod for alle aldre
- Arbeidet i korklubben er eit særskilt viktig trusopplæringstiltak, og bør styrkast. Ein bør vurdere å utvide tilboden (t.d. dans/drama). Her trengs meir menneskelege ressursar.
- Det bør satsast på rekrutteringsarbeid til Ulstein kyrkjes barne- og ungdomskor (frå 4 klasse).
- Det bør startast eit preliminært tilbod for vaksne med sikte på å starte opp att Ulstein kyrkjekor. Det kan gjerast ved at ein startar opp ad-hoc-kor til utvalde gudstenester
- Ein bør ha som siktemål å få ei lokal framføring av eit stort, klassisk kyrkjemusikalsk korverk i Ulstein kyrkje kvart 3-5 år
- Ulstein sokn bør stimulere dei lokale kora i Ulstein kommune til å lage kyrkjelege arrangement i kyrkja
- Alle kor i kommunen bør få spørsmål om å delta på gudstenester minst ein gong i året. Det er særleg viktig at Ten-sing og barne-/ungdomskora i Ulstein sokn ofte er synlege på gudstenestene/gudstenestelege arrangement

Samarbeide

Mål:

- At barnehagen, skulen og kulturskulen skal oppleve kyrkja som ein god samarbeidspartner og ein arena for musikalsk utfaldning
- At menneske som ikkje sjølv har høve til å kome til gudstenester og konsertar i kyrkja skal få hjelp til å delta
- Å få til tilbod om samlingar med song og musikk på institusjonane
- Styrke samarbeidet md SUFH med tanke på SUFH som ein menneskeleg, kulturell ressurs.
- Samarbeide med «Trebåtfestivalen» og «Smak av Ulstein» med tanke på å få inn kulturtilbod i kyrkjeleg regi under desse dagane.
- Samarbeid med andre utval og stab i soknet

Tiltak:

- Kantor bør vere synleg og aktiv i skulane/barnehagane for å få til god musikalsk involvering på skulegudstenester/barnehagegudstenester
- Skulane/barnehagar bør få tilbod om undervisningsopplegg om gudstenesteliv og innlæring av salmar. Dette kan gjerne gjerast i kyrkjerommet
- Skulane bør få tilbod om undervisning/omvising/demonstrasjon av orgelet
- Det bør vere kulturinnslag med 5 klassingar i gudstenesta når dei får utdelt biblar på gudsteneste
- Ulstein kulturskule bør halde minst ein konsert i kyrkja i året (slik som nå)

- Ulstein sokn bør lokalt bidra til organistrekuttering ved å tilby Ulstein kulturskule kyrkja som undervisnings-/øvingslokale når det er ledig. Det er naturleg at kantor i Ulstein sokn tek ansvar for orgelundervisninga
- Kantor bør alltid vere tungt med og bidra musikalsk på institusjonsandaktane.
- Det bør vere naturleg å spør mindre/større grupper på SUFH om kulturinnslag på gudstenester
- Kyrkjemusikkutvalet bør samarbeide med diakoniutvalet om kulturelle arrangement i kyrkjeleg regi
- Ein bør ha som mål å få til eit større arrangement i kyrkja under «Smak av Ulstein» og «Trebåtfestivalen»

Konsertar

Mål.

- Gjennom konsertverksemd nå eit bredt publikum
- Gjennom ulike typar av konsertprogram vil vi vise mangfaldet i kunstneriske uttrykk.

Tiltak

- Ein bør prøve å «institusjonalisere» nokre «konsertfyrtaår» etter modell av julenattineen: Årlege, faste konsept og tidspunkt. Såleis bør ein langsiktig prøve å få på «fast» plass:
 - 1) Heile kyrkjelyden syng
 - 2) Påskegudstenestene med påskekor
 - 3) Helgemessesøndag med «Jazz og koral»
 - 4) Kyrkjespelet på Ulstein gamle kyrkjepllass
 - 5) Fast konsert i kyrkja søndagen under «Smak av Ulstein»
 - 6) Folketonemesse Kristi Himmelfartsdag
 - 7) Familiearrangement med barnekor/barnekorseminar
 - 8) Konsert under Trebåtfestivalen
 - 9) «Vi syng jula inn»
 - 10) Julenattine
- Det er ynskjeleg at soknerådet finn dei nødvendige midlane til Kyrkjespelet slik at vi får eit manus
- Ulstein sokn bør kvart år, innanfor visse grenser, ta på seg arrangøransvar for/budsjettere med nokre kyrkjekonsertar som kan vere økonomiske risikoprosjekt
- Ulstein sokn bør vurdere å ta del i regionalt samarbeide om kyrkjemusikkveke på Søre Sunnmøre (etter modell av kammermusikkfestivalen)

Ressursar

Mål:

- Kyrkjelyden skal ha eigna og funksjonelle instrument med høg kvalitet.
- Kyrkjelyden skal ha kompetent arbeidskraft til å realisere fastsette planar og mål.
- Å ha ein god, forutsigbar økonomi som gjer at ein tenkjer offensivt, kvalitativt, kvantitativt og visjonært

Behov:

- Det må vere økonomi for service og vedlikehald av orgelet 1 gong i året og pianoet 2 gonger i året
- Det bør gjerast innkjøp av ny plattform i kyrkja. Dette behovet er særleg synleg under julenattineen
- Det bør på sikt vere ein økonomisk plattform/risikokapitel for konsertverksemda som gjer at ein kan arrangere konsertar utan å ha garanti for overskot/økonomisk balanse på kvar einskild konsert. Ved ein slik kapital, kan ein bygge opp ein økonomisk plattform som gjer at ein av og til kan gjere storsatsingar
- Ny trusopplærar i Ulstein sokn bør vere «musisk». Kvalifikasjonar/kompetanse ein bør sjå etter utanom kristen kunnskap og integritet: Kunstfagutdanna, danseutdanna, musikkutdanna, dramautdanna
- Det må minst vere økonomisk rom for desse kompetanseaukande tiltaka for kantor: Organisttreffa i regi av Kyrrkjemusikalskråd i bispedømmet, trusopplæringskonferansen i Lillestrøm og minst eit kurs i året målretta mot organist-/kantoryrket
- Oppgradering på notestativ og led-baserte notelys

Utval i Ulstein sokn 2012-2015 Kyrkjemusikk- og kulturutvalet

Mål	<ul style="list-style-type: none">- Ta i bruk og utvikle dei musikalsk-kunstneriske evner eller gåver som finst i kyrkjelyden- Utvikle breidde og kvalitet i utøvinga av musikken/kulturen i kyrkja- Utvalet skal bidra til at musikken/kulturen i kyrkja skal inspirere til deltaking og engasjement- Utvalet skal bidra til å fremja salmesongen i kyrkjelyden- Utvalet skal bidra til at dei som kjem møter eit musikalsk uttrykk som gjer orda levande og som kyrkjelyden er fortrulege med- Utvalet skal bidra til kulturell/musikalsk nyskapning
Mandat	<ul style="list-style-type: none">- Sørge for god kommunikasjon mellom dei ulike musikalske miljøa i Ulstein sokn- Støtte opp om kora i Ulstein sokn. Hjelpe til med idear, rekruttering og oppgåver- Ta initiativ til å starte opp nye kor når tilhøva ligg til rette- Legge til rette for samarbeid kyrkje/skule/barnehage om kyrkjemusikk- Arrangere julenattine- Sørge for eit breidt konserttilbod i kyrkja- Samarbeide med kulturskulen om orgelundervisning- Bevisstgjere trusopplæringsaspektet ved korarbeidet- Utrede høve til kunstutstilling i kyrkja- Fullføre arbeidet/prosessen med kyrkjespelet på Ulstein gamle kyrkjepllass.- Legge til rette for drama og dans som uttrykksform i kyrkja- Handsame saker frå soknerådet- Uttale seg om kyrkjemusikalske saker nasjonalt og lokalt- Utrede/artikulere behov for investeringar (instrument, anlegg etc)- Legge til rette for å få i gang forsongargrupper og instrumentalgrupper- Samarbeide med gudstenesteutvalet om den liturgiske musikken i vår lokale grunnordning
Saker til sokneråd	<ul style="list-style-type: none">- Skrive referat frå møta og sende dette elektronisk til kyrkjeverja snarast råd- Fremme saker som gjeld kyrkjemusikk- og kultur
Medlemer	<ul style="list-style-type: none">- Ståle Helvig – kantor- Øyvin Sønnesyn- Arnt Ole Grimstad- Kari Aske Osnes

S-SAK 2023/33 Opa kyrkje i kvardagen

UTGREIING

Ulstein kyrkje er open tysdag - fredag kl. 08:00 - 16:00.

Dei som kjem til kyrkja og finn ho open er alltid glade for det.

Det er kyrkjetenaren som har ansvar for å låse opp kyrkja og låse ho igjen.

Det er ikkje alltid arbeidsdagen byrjar kl. 08:00 og sluttar kl. 16:00 for kyrkjetenaren og det har kome eit spørsmål frå kyrkjetenarane om ein kan endre tida kyrkja skal vere open til tidsrommet 09:00 - 15:00.

Dei fleste dagane vil dei kome kl. 08:00 og låse opp kyrkja før kl. 09.00 uansett, og låse ho når dei går - berre unntakvis kl. 15:00, som regelkl. 16:00 og av og til litt seinare også.

I alle fall ønskjer kyrkjetenarene å avklare det slik at dei unngår misforståing / klaging dersom dei ikkje alltid rekk å låse opp kyrkje kl. 08:00 eller treng å låse ho litt før klø. 16:00

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Saka blir lagt fram utan framlegg til vedtak.